



Lotterinemnda

Vedtak i Lotterinemnda 2. februar 2021

Sak

2020/0343 Forsand Båtforening – org.nr. 984 235 631 – klage over avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon

Til stades: leiar Martin Hennig, medlem Shabneet K. Bains og medlem Åse Gustavsen.

Bakgrunn for saka

Forsand Båtforening (klagar) søkte 28. august 2019 om meirverdiavgiftskompensasjon for rekneskapsåret 2018. Søknadsbeløpet gjaldt eit kompensasjonsbeløp på 11 565 kroner etter dokumentert modell.

Lotteritilsynet avslo søknaden 3. desember 2019, med den grunngivinga at søknadsgrunnlaget inneheldt kostnader forbunde med å eige og drifte båt. Dette blir rekna for å vere privatøkonomiske interesser og eit behov av privat karakter som ikkje gir rett til kompensasjon, jf. forskrift om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar (forskrifta) § 3 tredje ledd bokstav d.

Klagar sende klage på vedtaket fredag 3. januar 2020. Klagar hevdar at dei er ein open organisasjon, der alle kan bli medlemmar og få utført tenester som slipping mot eit beskjedent beløp. Vidare er området som dei disponerer, også ope for allmenta og blir mellom anna brukt til fiske, rekreasjon og bading. Det er foreininga som eig området og båtplassane, ikkje privatpersonar. Det blir elles vist til klaga i sin heilskap.

Lotteritilsynet har ikkje funne grunn til å gjere om vedtaket sitt og sende 5. mai 2020 klaga med innstilling til behandling hos Lotterinemnda.

Det rettslege grunnlaget

Det rettslege grunnlaget for ordninga med meirverdiavgiftskompensasjon er forskrift 23. oktober 2018 nr. 1600 om merverdiavgiftskompensasjon for frivillige organisasjonar.

Føremålet med ordninga er å fremje frivillig aktivitet, og ho skal kompensere for kostnader frivillige organisasjonar har til meirverdiavgift ved kjøp av varer og tenester, jf. forskrifta § 1.

Det følgjer av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav d at det ikkje blir gitt meirverdiavgiftskompensasjon til verksemdar «som kommer en lukket krets til

Postadresse

Postboks 511 Sentrum
5805 Bergen

Besøksadresse

Zander Kaaes gate 7
5015 Bergen

Tlf.: 55 19 30 00

E-post: post@knse.no

gode, gir privatøkonomiske fordeler eller dekker det som normalt anses for å være kostnader av privat karakter».

Etter forskrifta § 5 niande ledd er det søkjaren sjølv som må gjere ei avgrensing av kva for kostnader som skal vere med i søknaden, dersom organisasjonen og driv verksemd som fell utanfor ordninga. Dette kan gjerast «gjennom organisatoriske eller økonomiske skillelinjer innanfor den enkelte organisasjon». Dersom søkjaren ikkje har gjort ei slik avgrensing, følgjer det av føresegna at søknaden etter ei totalvurdering kan bli avslått.

Forskrifta § 6 bokstav a fastset at det ikkje blir ytt kompensasjon for «kostnader eller anskaffelser som faller utanfor den frivillige og ikke-fortjenestebaserte delen av virksomheten eller er knyttet til virksomhet som kommer inn under § 3 tredje ledd».

Ved søknad etter dokumentert modell følgjer det av forskrifta § 8 første ledd at søknadsbeløpet er «merverdiavgiftskostnader på varer og tjenester basert på regnskapet ett år tilbake i tid, etter generelle avgrensninger etter § 6». Søknadsbeløpet skal dokumenterast med ei transaksjonsliste som viser kva enkelttransaksjonar som inngår, jf. andre ledd.

Av forvaltningslova § 34 følgjer det at klageinstansen kan prøve alle sider av saka og mellom anna ta omsyn til nye opplysningar. I dette ligg at klageinstansen fullt ut kan prøve både rettsbruken, saksbehandlinga, faktum og det frie skjønnet. Klageinstansen kan sjølv gjere nytt vedtak i saka eller oppheve det og sende saka tilbake til underinstansen til heilt eller delvis ny behandling.

Lotterinemnda si vurdering

Forsand Båtforening si klage gjeld Lotteritilsynet sitt vedtak av 3. desember 2019 om avslag på søknad om meirverdiavgiftskompensasjon.

Det følgjer av § 1 i klagaren sine vedtekter at føremålet til foreininga er å drive småbåthamn i Bergevik samt fremje båtlivet som fritidsaktivitet for innbyggjarane i Forsand. Som eit ledd i dette vil foreininga mellom anna drive og vedlikehalde småbåthamn i Bergevik på ein økonomisk og demokratisk måte etter medlemmane sine ønske, arbeide for å sikre alle medlemmane sikker og god båtplass til ein fornuftig pris, arbeide for ein sunn og kontrollert båtsport, og arbeide for å vareta medlemmane sine interesser. Det same er oppgitt som hovudaktivitet i eigenerklæringsskjemaet.

Transaksjonslista til klagaren viser at klagar søker kompensasjon for kostnader til mellom anna elektrisitet, vassavgift, reparasjon og vedlikehald, og rekneskap og fakturering.

Frivillige organisasjonar kan få meirverdiavgiftskompensasjon, jf. forskrifta § 3 første ledd, men det følgjer av forskrifta § 3 tredje ledd bokstav d) at «virksomhet som kommer en lukket krets til gode, gir privatøkonomiske fordeler eller dekker det som normalt anses for å være kostnader av privat karakter» fell utanfor kompensasjonsordninga.

I høringsnotat til gjeldande forskrift § 3 bokstav d), pkt. 2.4.2, er det uttalt at:

«Kostnader forbundet med å eie og drifte en båt herunder kostnader med båt plass anses for å være av privatøkonomisk interesse og et behov av privat karakter. En båtforening som disponerer friareal som ikke er åpen for allmennheten skal ikke motta kompensasjon. En båtforening kan imidlertid motta kompensasjon for kostnader knyttet til den øvrige virksomheten i foreningen så lenge kravene i forskriften er oppfylt. Tilsvarende skal en båtforening som legger til rette for aktivitet i sjøen ved at ikke-medlemmer også kan bruke området kunne søke kompensasjon for kostnader som ikke er knyttet til å tilby båt plasser til medlemmer.»

I lys av ordlyden i forskrift § 3 bokstav d) og fråsegna i høringsnotatet, finn Lotterinemnda at kostnadene i foreninga knytt til mellom anna elektrisitet, vassavgift, reparasjon og vedlikehald, og rekneskap og fakturering i hovudsak er kostnader som er forbunde med å eige og drifte båt, mellom anna å ha båt plass. Kostnader av denne typen sjåast normalt som kostnader av privat karakter som ikkje gir grunnlag for meirverdiavgiftskompensasjon. At slike kostnader kan gi visse positive ringverknader for andre enn medlemmane av organisasjonen, for eksempel vedlikehald av hamneområdet, endrar ikkje på dette. Lotterinemnda viser til samanlikning til Lotterinemnda sitt vedtak i sak 2020/266.

Klagar skal i søknadsgrunnlaget gjere avgrensingar for kostnader knytte til å eige og drifte båt, som er kostnader av privat karakter etter forskrift § 3 tredje ledd bokstav d. Det følgjer av forskrift § 5 niande ledd at klagar sjølv skal gjere ei avgrensing i søknaden for verksemd som fell utanfor kompensasjonsordninga. Det går vidare fram av forskrift § 8 første ledd at søknadsbeløpet i dokumentert modell er meirverdiavgiftskostnader på varer og tenester basert på rekneskapen eitt år tilbake i tid, etter generelle avgrensingar etter § 6, mellom anna bokstav a, jf. § 3 tredje ledd.

Klagar har vist til at enkelte av foreninga sine kostnader kjem allmenta til gode, men har ikkje gjort ei avgrensing gjennom organisatoriske eller økonomiske skiljelinjer for kostnader av privat karakter, jf. forskrift § 5 niande ledd. Lotteritilsynet kan etter ei totalvurdering avslå søknaden, jf. forskrift § 5 niande ledd tredje punktum. Lotterinemnda er samd med tilsynet i at søknaden på bakgrunn av dette skal avslåast i sin heilskap.

Konklusjon

Lotterinemnda har, etter ei konkret vurdering av opplysningane i saka, stadfesta Lotteritilsynet sitt vedtak.

Vedtak

Klaga blir ikkje teken til følgje.

Dokumentet er godkjent elektronisk